

**Då eg var lita jente, las vi eventyr. Eg les for så vidt eventyr til jentene mine også, men ingen av dei liknar på eventyra som ein får frå Hareid kommune i desse dagar.**

For meg er eventyr fantasi, spennande og noko farleg.

Budsjettforslaga frå kommunedirektøren i Hareid er både fantasifulle, spanande og farlege.

**Fantasifulle**, fordi den skarpe kuttekniven kjem fram og då vert ein svært kreativ i løysingane.

**Spanande**, fordi ein aldri heilt veit kva som vert resultatet og kven som må «lide».

**Farlege**, fordi ein også må klare å tenkje framover og ikkje alltid ser klart konsekvensane.

Då tenkjer eg særskild på forslaget om å redusere i opningstidene ved SFO i kommunen.

Eg håpar dette er eit forsøk på å ansvarleggjere dei folkevalde som skal vedta budsjettet, og eg har stor forståing for at det ikkje er ein enkel jobb å sameinast om ei løysing. Korkje for kommunedirektøren eller dei folkevalde i Hareid. Likevel: Å tenkje tanken på å kutte i SFO-opningstidene er ikkje løysinga.

Eg synest nesten det er for dumt å skulle argumentere mot kutt i opningstidene på SFO, men sidan det tydelegvis ikkje er klart for nokre kvifor det er viktig at det held fram som det er, kan eg gi nokre få argument frå mitt perspektiv for å hjelpe på veg:

1. Eg hugsar det legendariske hareidsbandet Løk, som spelte «Flyge over heile Hareid, i ein lenestol, med jetmotor» så det ljoma i veggane på Trudvang. Det er kanskje den låta kommunedirektøren har teke inspirasjon ifrå i budsjettarbeidet. Vi må i alle fall flyge over heile Hareid om vi skal rekke å hente borna våre innanfor opningstidene. Kven klarer å rekke å hente på SFO innan kl. 15.30? Skal SFO berre vere for dei som jobbar deltid i Hareid kommune?
2. Sjølv jobbar eg, blant mange andre, på andre sida av fjorden. Som pendlar seier det seg sjølv at dette vert heilt umogleg å få til. Når du i beste fall rekk hurtigbåten og er på Hareid kl. 16, set ein kursen rett av gårde for å hente i tide, anten det er barnehage eller SFO. 16.30 er eit minimum for mange.
3. Borna har det kjekt, trygt og godt på SFO, men dei er der trass alt fordi vi er på arbeid og treng det. Ikkje fordi det er gøy!
4. Vi kan ikkje belage oss på besteforeldre som skal hente etter skule kvar dag. Kva med alle som ikkje har den moglegheita?
5. Foreldre vert tvungne til å ikkje nytte SFO på grunn av opningstidene. Skal den vesle seksåringen min måtte gå heimover åleine fordi ho ikkje får vere der etter 15.30? Eller skal ho stå kvar dag og vente på at vi er ferdige på jobb i nesten ein time? For vår del er det store avstandar heim. Det er ikkje berre å gå heimover.

Eg kan finne enda fleire argument, men poenget er at forslaget er for dumt. Det er heller ikkje framtidsretta og langt ifrå forståeleg. Det vert ikkje lagt grunnlag for etablering og bulyst i Hareid kommune om dette vert vedteke, men eg har håp og tru om at dei folkevalde er meir fornuftige enn som så.

Eg har tiltru at dei folkevalde finn gode løysingar. Det er mykje anna ein kunne ha sagt om budsjettforslaget, men det er i alle fall dette som vekker mest harme og bekymring hos oss i heimen og blant mange foreldre som går med tilsvarande bekymring:

Eg håpar i alle fall at resultatet av budsjetthandsaminga blir som følger:

**Det var ein gong eit kommunestyre som ingen kunne målbinde. Sjølv ikkje ein kommunedirektør med dei mest eventyrlege budsjettforslag.**

**Lukke til med handsaminga!**

*Helsing Iselin Nevstad Øvrelid (mor) og Karoline (5 år) som er skulestartar til hausten*